

# PROSJEKTPLAN FORPROSJEKT KOMPETANSEUTVIKLING KVV

## 1. MÅL OG RAMMER

### 1.1. Bakgrunn

Næringslivet i Kvinnherad ønsker å vidareutvikla KVV og få til ein lærestad som dei kan ha nytte av. Difor har industrien bestemt at deler av deira del av kompensasjonsmidlane skal gå til eit prosjekt som skal styrkja samarbeidet mellom skule og næringsliv i Kvinnherad. For KVV sin del, er det planlagt eit prosjekt med tittelen **kompetanseutvikling KVV**.

Dette dokumentet er prosjektplanen for første fase av dette prosjektet:  
**Kompetanseutvikling KVV**, fase 1.

KRD (Kommunal- og regionaldepartementet) er oppteken av at kompensasjonsmidlane skal gje positive effektar for næringslivet og regionane. Her er det fokus på kompetanseheving og på samarbeid mellom skule og næringsliv. I visjonen for bruk av kompensasjonsmidlane i Sunnhordland står det at ein gjennom samarbeid ønsker å utvikla endringsdyktige, attraktive og internasjonale bedrifter i ein livskraftig region. Eit stikkord her er eit utdanningssystem som medvirkar til positiv utvikling av industrien. Det er viktig å ha fokus på gründerkulturen og samarbeid/ erfaringsutveksling internasjonalt.

For KVV er det viktig å vera med å bidra til å oppfylle målsetjingar nasjonalt og lokalt. Vi vil arbeida i tråd med den nye reforma Kunnskapsløftet, strategiske planar regionalt og lokalt og ønskja for bruk av kompensasjonsmidlane. I den industripolitiske strategien for Sunnhordland er visjonen; *”Me skal stimulere til utvikling av endringsdyktige og attraktive bedrifter som, gjennom samarbeid, er leiande internasjonalt og skapar arbeidsplassar og ein livskraftig region”*. *”Korleis kan me tenka radikalt nytt i høve til skuleverket for å gje industrien dei talenta dei treng?”* *”Korleis kan me gjera industriverksemdene i Sunnhordland attraktive for ungdommane, på kva måte kan me samarbeida med skuleslaga?”* I dette prosjektet har vi no gode høve til å prøva og finna svar på nokre av disse spørsmåla.

For skulen det viktig å utdanna elevar som kan gå inn som både arbeidstakarar og arbeidsskaparar i eit framtidretta næringsliv. Det vil vera sentralt korleis KVV som kompetansebedrift kan vera med og utvikla næringslivet i kommunen.

KVV står føre ein stor omstillings- og utviklingsprosess. Den nye reforma Kunnskapsløftet stiller store krav til at KVV skal vera ein lærande organisasjon. Samarbeidet skule og næringsliv skal generelt styrkast i reformen. KVV ønsker med dette prosjektet å arbeida vidare med røynsler frå tidlegare oppdragsverksemd og sjå på kva skulen kan bety for næringslivet, og omvendt. KVV ønsker å vera *”ein levande stad for kunnskap”* i Kvinnherad og ønsker å bidra til ei positiv utvikling for kommunen og næringslivet.

Hordaland Fylkeskommune ønsker og at dei vidaregåande skulane i fylket skal vera læringssenter innanfor sine fagområder for regionen, der utdanning og læring vert sett i eit livslangt perspektiv. Det er sværs interessant å vurdera korleis KVV kan utvikla seg som eit lokalt læresenter som kan tilby samordna og fleksible utdannings- og læretilbod.

## **1.2 Prosjektmål**

### **1.2.1 Mål for hovudprosjekt**

KVV skal framstå som ein moderne, næringsorientert vidaregåande skule med høg kvalitet og kompetanse og vera ein føretrekt stad for vidare- og etterutdanning for arbeidslivet i Kvinnherad. Auka samarbeid mellom skule og næringsliv skal vera med på å utdanna arbeidstakarar og arabeidsskaparar i eit framtidretta næringsliv i regionen.

### **1.2.2 Mål for dette forprosjektet**

I høve til prosjektspesifikasjon i plan for bruk av kompensasjonsmidlane i Sunnhordland for 2006 er målsettjinga til dette forprosjektet å utreda korleis KVV skal utvikla oppdragsverksemd for at bedriftene får kompetansejevande utdanning og rein etterutdanning/ fagleg ajourføring. Dette vil vi gjera ved å undersøkje og testa ut korleis KVV kan utvikla si verksemd for å bidra til å styrka næringslivet i Kvinnherad.

## **1.3 Rammer**

Det er satt av 4 millionar kroner til samarbeid skule og næringsliv i plan for kompensasjonsmidlane for 2006/2007. Disse midlane skal dekkja prosjekt på KVV, realfagsprosjekt og eventuelt andre gode prosjekt. Det er intensjonen å vidareføra forprosjektet til eit hovudprosjekt med eigne midlar. Dette forprosjektet skal gå over 16 månader.

## **2. OMFANG**

### **2.1 Oppgåveomfang og avgrensing**

Dette forprosjektet skal førebu kva som skal til for at KVV skal kunna vera ein lærestad for næringslivet. Det aller viktigaste her er difor å kartleggja behova og ønskja til næringslivet i høve til tilbod og samarbeid med KVV. Dineast å kartlegge om KVV i dag har dei ressursane som skal til for å dekkja disse behova, og dersom ikkje, kva som må utviklast for å dekkja desse behova.

Det vil også vera interessant å sjå på kva behov næringslivet har for arbeidskraft i dag og i framtida og korleis vi kan tilpassa vår totale verksemd for å dekkja desse behova.

På den andre sida er det også av stor betydning å sjå på krava som vert stilt til KVV i Kunnskapsløftet i høve til gjennomføring av våre programområder og undersøkje korleis næringslivet kan bidra til å styrke tilbodet vårt i dag. Vi ser for oss å teste ut nokre samarbeidsopplegg i dette forprosjektet, og at utviklingsoppgåver i skulen knytte opp mot desse felta kan integrerast i forprosjektet etter samråd med styringsgruppa.

### **3. ORGANISERING**

#### **3.1 Ansvarsforhold**

Idéigar er næringslivet i Kvinnherad, medan oppdragsgevar er styringsgruppa for kompensasjonsmidlane i Sunnhordland. I oppstarten av forprosjektet har rektor ved KVV, Hilde Gjester Hoel, vore prosjektleiar. Frå 01.01.-07 er Brynjulf Lie ved KVV engasjert på full tid som prosjektleiar. Rektor går frå då av inn i styringsgruppa. Tor Bringedal ved Sør Norge Aluminium er prosjektansvarleg.

I styringsgruppa sit elles Knut Førland frå Kvinnherad Næringssservice, Åsmund Kåre Rørvik frå SpareBank1 Kvinnherad og Gro Jensen Gjerde frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Til gjennomføring av forprosjektet kan det vera aktuelt å trekkja på andre ressursar til gjennomføring av prosjektet, som prosjektmedarbeidarar til bestemte definerte oppgåver. Vi ønskjer å samarbeida tett med Kvinnherad Næringssservice, og det kan vera aktuelt å kjøpa tenester der. Det vil vera naturleg for oss å ha eit prosjektteam ved skulen.

Dei tillitsvalde ved KVV vil ha ein naturleg plass i dette forprosjektet. Elles vil elevar, foreldre, andre skular og andre ressursmiljø òg kunna vera samarbeidspartnarar.

### **4. AVGJERDSPUNKT, OPPFØLGING OG MILEPÆLAR**

#### **4.1 Avgjerdspunkt og milepælar**

Det vil vera naturlege avgjerdspunkt ved oppstart og avslutning av prosjektet.

Eit avgjerdspunkt hadde vi ved nedsetting av styringsgruppa og val av prosjektleiar 20.11.06.

Det er viktig med eit eige avgjerdspunkt når forslaga til tiltak for gjennomføring av hovudprosjektet ligg føre. Det vil vera trong for faste statusmøter i prosjektet. Milepælar vert lagt inn når endeleg gjennomføringsplan er bestemt og tidfesta.

### **5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING**

#### **5.1 Kritiske suksessfaktorar**

- Personar og drivkrefter i næringslivet som brenn for saka
- Interesse, deltaking og forplikting frå det øvrige næringslivet i Kvinnherad
- Interesse, deltaking og forplikting frå KVV som heilskap
- Rett prosjektleiar
- Finansiering

## 5.2 Kvalitetssikring

Vi skal vera observant på dei kritiske suksessfaktorane og planlegga tiltak for å sikra god gjennomføring. Framfor alt må det vera vilje tilstades i næringslivet, og her må nokon gå føre og få andre med seg. Kven som kjem inn i styringsgruppa og deira prioritering av tid til prosjektet, vil vera avgjerande. Elles er tid ein knapp faktor for alle. For næringslivet er det viktig å sjå at dette prosjektet kan vera med på å styrke den vidare utviklinga deira.

Prosjektet må forankrast på KVV dersom vi skal lykkast. Organisasjonen må involverast i dette arbeidet, og det må vera ein del av det øvrige utviklingsarbeidet som skolen no og i tida framover skal gjennomføra. At skulen no har ein rektor med røynsle frå utviklingsarbeid og samarbeid med næringslivet, er ein styrke. Vidare vil det vera heilt naudsynt at prosjektleiinga sit på KVV, og at KVV har styringa av det daglege prosjektarbeidet. Dette for å sikre eigarskap og forankring.

Ein kritisk suksessfaktor i hovudprosjektet, som er neste prosjekt, er at KVV faktisk har det utstyret og dei ressursar som næringslivet etterspør. Det er difor svært viktig at behova for desse ressursane vert kartlagt og planlagt betra. Slik vi ser det, vil det vera naudsynt å føreta ressursforbetring, både med tanke på kompetanseutvikling av medarbeidarar og nytt utstyr i eit hovudprosjekt.

## 6. GJENNOMFØRING

### 6.1 Hovudaktivitetar

| Hovudaktivitetar                                                                                                                                                       | Tidsperiode                                                   |
|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|
| ❖ Utarbeida prosjektplan og organisere prosjektet                                                                                                                      | 4. kvartal 2006                                               |
| ❖ Undersøka kva andre kommunar har gjort noko bra i høve til samarbeid skule og næringsliv                                                                             | 4. kvartal 2006<br>1. kvartal 2007                            |
| ❖ Undersøka kva andre har gjort bra i høve til oppdragsverksemd for næringslivet                                                                                       | 4. kvartal 2006,<br>1. kvartal 2007                           |
| ❖ Undersøka kva røynsle KVV har når det gjeld samarbeid med næringslivet og korleis dette kan vidareutviklast                                                          | 4. kvartal 2006,<br>1. kvartal 2007                           |
| ❖ Undersøka kva trong for kompetanse næringslivet har i dag og på lang sikt                                                                                            | 1. kvartal 2007,<br>med oppfølging resten av prosjektperioden |
| ❖ Kartlegga ressursar og kompetanse KVV har i dag                                                                                                                      | 1. kvartal 2007                                               |
| ❖ Undersøka kva kompetansegejevande vidareutdanning av ungdom og vaksne KVV kan tilby. Gjeld både innafør vidaregåande utdanning og utanfor, til dømes på høgskulenivå | 1. halvår 2007                                                |
| ❖ Undersøka korleis KVV kan gje etterutdanning til ulike målgrupper                                                                                                    | 1. halvår 2007                                                |
| ❖ Undersøka korleis KVV kan gi eksamensførebuande kurs både for allmenne- og yrkesfag (fag-/sveineprøve).                                                              | 1. halvår 2007                                                |
| ❖ Undersøka korleis KVV kan vera ein ressurs for andre vidaregåande skular i einskildfag eller på heile fagområder, og andre vidaregåande skular for oss.              | Heile prosjektperioden                                        |
| ❖ Undersøka korleis KVV kan vera ein samarbeidspartnar og utviklar av opplegg for privat og offentleg verksemd som kan dekke kompetansetrongen                         | Heile prosjektperioden                                        |
| ❖ Testa ut prøveopplegg 2007                                                                                                                                           | Heile 2007                                                    |
| ❖ Utarbeida sluttrapport og prosjektplan for hovudprosjekt, fase 2                                                                                                     | Desember 2007                                                 |

### 6.2 Tidsplan

Dette forprosjektet; "Kompetanseutvikling KVV, fase 1" skal gjennomførast frå september 2006 til desember 2007.

Hovudprosjektet, som skal gjennomføre tiltaka som dette forprosjektet kjem fram til, skal gå frå januar 2008 til juli 2009.

## 7. ØKONOMI

|                                                                              |                     |
|------------------------------------------------------------------------------|---------------------|
| Prosjektleiing, prosjektmedarbeidarar, kjøp av tenester til prosjektarbeid   | Kr 1 000 000        |
| Administrative kostnader                                                     | Kr 100 000          |
| Reiser, deltaking konferansar osv                                            | Kr 50 000           |
| Prøveopplegg for samarbeid (forslag lagast og godkjennast av styringsgruppa) | <u>Kr 350 000</u>   |
| Sum                                                                          | <u>Kr 1 500 000</u> |

Forprosjektet er i sin heilskap finansiert gjennom kompensasjonsmidlane som er sett av.

## 8. KONTRAKTAR OG AVTALAR

Det kan vera aktuelt å inngå samarbeidskontrakter og avtalar. Dei vil då koma inn under dette punktet.

Kvinnherad 25.11.06  
Kvinnherad Vidaregåande Skule:

For styringsgruppa:

Hilde Gjester Hoel  
Prosjektleiari fram til 31.12.06

Tor Bringedal  
Prosjektansvarleg

Brynjulf Lie  
Prosjektleiari frå 01.01.-07 til 31.12.-07